

# Strategisk Næringsplan for kommunane Nome og Midt-Telemark 2020-2032

Dette er Nome og Midt-Telemark kommuners strategisk næringsplan for Midt-Telemarkregionen. Kommunane er einige om at Midt-Telemarkregionen er å sjå på som ein felles arbeidsmarknad og at det er vil vera effektivt å samarbeide om å utvikle regionen som eit attraktivt sted der folk og næring har lyst til å etablere seg. All aktivitet og tiltak som nemnast i denne planen støttar opp om måla som kommunane har sett i dei ulike kommunanes nyleg vedtekne samfunnsdelar i kommuneplan.

Ein viktig del av planen er å få på plass ein felles strategi for korleis kommunane brukar og samarbeider om og med Midt-Telemark Næringsutvikling AS (MTNU AS) og Visit Bø i sitt næringsarbeid. Det er samtidig eit mål å integrere det arbeidet som desse selskapa gjer med det som Landbrukets Hus gjer i regionen. Skal ein få til det må det etablerast gode relasjonar og tillit mellom sentrale aktørar som er einige om viktigheita av å samarbeide for å få til gode prosessar. Ved sidan kommunane og MTNU, Visit Bø og Landbrukets Hus, må ein i næringsarbeidet styrke samarbeidet med universitets- og skulemiljøa i Midt-Telemark og dei største næringslivsaktørane. Auka samarbeid mellom kommunane, ulike interesser og næringar er heilt nødvendig skal vi klare å få til det som er denne planens overordna mål, å styrke regionens attraktivitet. Midt-Telemarkregionen skal vera ein region der folk og næring ønskjer å busette og etablere seg, ein region der folk og turistar ser at det er moglegheiter for å ha gode opplevingar sommar som vinter og ein region der elevar og studentar ønskjer å bruke studiemoglegheitene som regionen kan tilby.

Følgjande leggjast til grunn:

- Planen konkretiserer kommunanes mål og strategiar for næringslivet i Midt-Telemarkregionen, inkludert reiseliv og landbruk, med utgangspunkt i samfunnsdelane for Nome og Midt-Telemark kommunar.
- Planen gjeld for åra 2020-2032, men det vil vere behov for rullering kvart 4.år
- Det leggjast til grunn at kommunane vidarefører nivået på dei økonomiske overføringane til MTNU AS og VisitBø som i 2019 og at kommunane kvart år, i dialog med styra i selskapa, utarbeidar ei oversikt over kommunale næringspolitiske prioriteringar.
- For kommunane vil den einskilde kommunes økonomiplan og budsjett utgjere kommunens handlingsprogram med prioriteringar.

Midt-Telemarkregionen har i dag ein befolkning på rundt 17.000 innbyggjarar, fordelt på 10.400 i Midt-Telemark og 6.600 i Nome. Det er registrert om lag 6.600 sysselsette, fordelt på 4.300 i Midt-Telemark og 2.300 i Nome.

Det er eit overordna mål at Midt-Telemarkregionen fram mot 2030 har ei befolkningsutvikling på høgde med landsgjennomsnittet. Det vil seie at Midt-Telemarkregionen i 2030 har i overkant av 18000 innbyggjarar. Skal regionen ikkje tape arbeidsplassar relativt til auken i befolkningstalet vil det vera behov for om lag 500 nye arbeidsplassar utover det ein i dag har.

## Om arbeidet

Planen er utarbeidd av en prosjektgruppe med deltaking frå begge kommunane, representantar frå Landbrukets Hus, MTNU, Visit Bø og USN. Eit tidleg utkast til mål og strategiar har vore til behandling i styra i MTNU og Visit Bø. Ein har vidare hatt møte med representantar frå landbruksnæringa før ein

fekk ei drøfting av arbeid og prinsipp i Nome og Midt-Telemark Interkommunale Politiske Råd (NMTIPR).

Begge kommunane har i sine samfunnsplanar bruka FNs berekraftsmål i planarbeidet, utan at det er kome tydeleg til uttrykk i planane. Eit av innspela frå styra i MTNU og Visit Bø er at ein i planarbeidet er tydeleg på at dei verdiane som FNs berekraftsmål gjev uttrykk for kjem tydelegare til uttrykk i næringsplanen. For næringslivet handlar dette om å bygge omdømme lokalt og regionalt; Det er viktig at ein i arbeidet med å bygge attraktivitet er tydeleg på at dette er mål og verdiar som kommune og næringsliv stiller seg bak.

**Figur 1**

**FNs 17 berekraftsmål**



Måla legg til grunn tre dimensjonar for bærekraftig utvikling: klima og miljø, økonomi og sosiale forhold, som må sjåast samla. «Ditt og mitt Vestfold og Telemark» er eit viktig grunnlag for plan, tiltak og strategiar. I plandokumentet frå fylkeskommunen står det følgjande, som og ligg til grunn for arbeidet som skal gjerast i Midt-Telemarkregionen:

*Bærekraftsmålene gir anledning til å utøve lokal og regional politikk med internasjonal relevans, og tydeliggjør og åpner muligheter for samarbeid på tvers av sektorer. Regioner består av mange aktører innenfor offentlig sektor, næringsliv, kunnskapsmiljøer og frivillighet. Det åpner for samarbeid innad og utad av regionen både lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt. ... Bærekraftsmålene gir oss et felles mål bilde og anledning til å bygge ny praksis i en framtidrettet region.<sup>1</sup>*

<sup>1</sup> <https://www.vtfk.no/globalassets/vtfk/dokumenter/om-regionen-vt/ditt-og-mitt-vestfold-og-telemark/ditt-og-mitt-vestfold-og-telemark-et-kunnskapsbilde-i-utvikling.pdf>

Dette dokumentet har 10 mål som er formulert på bakgrunn av samfunnsdelane av kommuneplanane for Nome og Midt-Telemark. Til kvart mål er det definert ein rekke strategiar. Fleire av desse måla heng i hop og det er derfor viktig å sjå dokumentet samla. Det same gjeld for strategiane. Strategiane er utforma på eit nivå som gjer at det er nødvendig å kome med tiltak som syner korleis ein konkret har tenkt å følgje opp strategiane i planen. Desse tiltaka vil vera en del av det årlege arbeidet og må utformast i samarbeid mellom aktørane. Dei årlege tiltaka er soleis ikkje en del av denne planen men vil for kommunanes del inngå som ein del av den årlege arbeidet med budsjett og økonomiplan. Det er eit premis for planen at alle tiltak utarbeidast i samråd med næringssekskapa og Landbrukets Hus.

### Samarbeid og årshjul

Regionrådet skal ha to møter i året kor næringsutvikling er tema, i juni og i september kvart år. Til desse møta inviterer ein MTNU AS, Visit Bø AS og Nome og Landbrukets Hus. Tema for møte i juni er rapportering og evaluering av status på kvart mål av måla.

Møtet i september er eit "bestillingsmøte" der ein i samråd blir enige om kva for næringspolitiske oppgåver som skal prioriterast for neste år, gitt dei måla og strategiane som ligg i felles næringsplan. Dette skal følgjast opp i kvar kommune sitt budsjett- og økonomiplanarbeid. Målet er å styrke samarbeidet og på den måten stå best mogleg rusta i dialogen med statlege og regionale aktørar som blant anna Vestfold og Telemark Fylkeskommune.

Kvar einskild kommune vil ha eigne møter med næringssekskapa ved behov.

### Mål og strategiar

## Strategisk næringspolitisk plan for kommunane Nome og Midt-Telemark 2020-2032

	Mål	Strategier	Indikatorer
1	Midt-Telemarkregionen har ein befolkningsutvikling på høgde med landsgjennomsnittet. For å oppretthalde sysselsettingsandelen etableres det, i tillegg til å styrke eksisterande arbeidsplassar, 500 nye arbeidsplasser i planperioden.	1.1 Kommunane legg til rette for attraktive næringsareal	
		1.2 Kommunane driv effektivt og har ei sakshandsaming som legg til rette for raske avklaringar der det er behov for det.	
		1.3 Det leggjast til rette for tett samarbeid mellom USN, næringsliv og kommunene gjennom etablering av faste møteplassar	
		1.4 Kommunane har ein god rettleiingsteneste som yter tenester til bedrifter, gamle som nye, som har behov for støtte til omstilling og innovasjon.	
		1.5 Kommunane legg til rette for styrka samarbeid mellom næringsapparatet, Landbrukets Hus og lokalt og regionalt destinasjonsselskap.	
		1.6 Kommunene skal være offensive mot regionale og statlige myndigheter med tanke på opprusting av samferdsel og infrastruktur i regionen.	
2	Det skal i planperioden avklarast om Fensfeltet er drivverdig og kan utviklast til fellesskapets beste.	2.1 Målet om å utvikle Fensfeltet forankrast i regionale og nasjonale planar.	
		2.2 Nome kommune etablerar omsynssone for mineralutvinning i kommuneplanens arealdel.	
		2.3 Næringsutvikling og informasjon om Fensfeltet utviklast i samarbeid med USN og Vekst i Grenland (ViG).	

## Strategisk næringspolitisk plan for kommunane Nome og Midt-Telemark 2020-2032

	Mål	Strategier	Indikatorer
3	Regionen har ein innovativ landbruksnæring som aukar verdiskapinga i planperioden	3.1 Kommunane praktiserar strengt jordvern og legger til rette for å ivareta jorda som produksjonsgrunnlag for matproduksjon.	
		3.2 Det satsast på berekraft og sirkulærøkonomi i landbruket i regionen.	
		3.3 Landsbrukets konkurransekraft styrkast gjennom samarbeid med næringsorganisasjonane, det landbruksfaglege kompetansemiljøet i Landbrukers Hus og USN	
		3.4 Kommunane utnyttar i samarbeid med USN dei synergiane som ligg i å få ulike kompetansemiljø innanfor næringa til å virke saman.	
		3.5 Det leggst til rette for eit levande og kreativt miljø innanfor frukt, bær, grønsaker og korn.	
4	Regionen skal vere attraktiv som skule- og studiested med fokus på innovasjon og utvikling, og i det vera ein god stad å skaffe seg kompetanse for framtida	4.1 Kommunane er aktive vertskommunar og gir gode tenester til elevar og studentar	
		4.2 Kommunane har faste felles møtepunkt med USN, SSN og dei vidaregåande skulane i regionen.	
		4.3 Kommuane samarbeider med USN og SSN om vidareutvikling av Campus Bø, der Campus Bø er ein viktig del i arbeidet med å byggje eit robust og attraktivt Bø sentrum.	
		4.4 I samarbeid med USN, dei vidaregåande skulane og lokalt næringsliv skal det leggst til rette for livslang læring og utvikling av tilbod om næringsretta kompetanseutvikling.	
		4.5 Kommunane skal i sine planar legge til rette for godt tilbod av hyblar/små leiligheitlar	

## Strategisk næringspolitisk plan for kommunane Nome og Midt-Telemark 2020-2032

	Mål	Strategier	Indikatorer
5	Bø sentrum er eit levande regionsenter for Vestfold og Telemark	5.1 Vidareutvikle Bø som eit kompakt sentrum der detaljhandel er konsentrera til dagens handelssentrum	
		5.2 Ein styrkar og vidareutviklar Bø stasjon som regionalt knutepunkt i samarbeid med fylkeskommunen, statlege og kommersielle aktørar.	
		5.3 Midt-Telemark kommune vidareutviklar Gullbring Kulturanlegg som eit regionalt kulturbygg	
		5.4 Kommunane i regionen arbeider for lokalisering av statlege arbeidsplassar til regionsenteret.	
		5.5 Kommunane arbeider for tettare samarbeid med kommunane i Øvre-Telemark for å identifisere og sikre felles regionale interesser.	
6	Gvarv, Ulefoss og Lunde er levende lokalsenter i regionen.	<p>6.1 Kommunene skal bidra til å redusere handelslekkasje og legge til rette for økt aktivitetet innenfor handels – og servicenæringene og styrke bustadsattraktivitet i Bø, på Gvarv, på Ulefoss og i Lunde.</p> <p>6.2 Kommunene skal i den grad det er mulig; handle lokalt.</p> <p>6.3 Styrke kollektivtilbudet internt og til og fra regionen. I samarbeid med Vestfold og Telemark fylkeskommune sikre og styrke togtilbudet ved Nordagutu og Lunde stasjoner.</p>	
7	Regionen skal være attraktiv med tanke på ny næringsetablering.	<p>7.1 Kommunen skal være et godt vertskap for etablert næringsliv, samt være offensiv i tilrettelegging for nye etablerere.</p> <p>7.2 Attraktive arealer for næringsetableringer skal være tilgjengelige.</p> <p>7.3 Kommunene skal sammen med andre aktører sikre god digital infrastruktur i tråd med næringslivets behov.</p> <p>7.4 Kommunene skal sikre gode veg – og VA løsninger for aktuelle næringsarealer.</p> <p>7.5 Kommunene skal sikre et gjensidig innovativt nærings samarbeid med Grenland – Kongsberg – og Vest Telemark regionene.</p>	

## Strategisk næringspolitisk plan for kommunane Nome og Midt-Telemark 2020-2032

	Mål	Strategier	Indikatorer
8	Regionen skal vera eit berekraftig og attraktivt reisemål heile året, med Lifjell, Bø Sommarland, Telemarkskanalen og det historiske Ulefoss som fyrtårn og med tettstader som inviterar til besøk der ein har lagt til rette for at alle kan delta.	8.1 Kommunene er aktive vertskommunar for reiselivet og samarbeider med lokalt og regionalt destinasjonsselskap.	
		8.2 Kommunene skal saman med næringslivet utvikle ein reiselivsstrategi for aktivitet langs aksene Lifjell-Bø Sommarland-Fruktbygda-Norsjø/Telemarkskanalen mot Lunde/Flåbygd der ein og legg til rette for universell utforming.	
		8.3 Ein skal styrke reiselivet i regionen ved å leggje til rette for aktivitetsbasera og miljøvelege næringar som terrengsykling, padling, stivandling og slikøyper.	
		8.4 Kommunane legg jf. kvar kommunes arealplan, til rette for utvikling og utviding av nye og eksisterande hytteområder.	
		8.5 Ein skal i samarbeid med næringsliv og transportselskap styrke kollektivtilbodet internt i og til og frå regionen.	
		8.6 Kommunane legg til rette og utviklar offentleg kommunikasjon og infrastruktur knytt til aktiv fritid, reisemål og attraksjonar	
9	Kommune, næringsliv og innbyggjarar i regionen har tillit til kvarandre.	9.1 Kommunane kommuniserer tydeleg og ope og samarbeider med aktørar om utvikling av prosjekter	
		9.2 Kommunane praktiserar meiroffentlegheit og har innsyn og openheit tidleg i alle aktuelle prosessar.	
		9.3 Kommunane er forutsigbare i sine planer og legg dei til grunn ved utforminga av politikk	
		9.4 Kommunane har som forvaltningsorgan fokus på rettstryggleik og likebehandling ved utøving av offentleg mynde.	
		9.5 Etablerar faste møteplasser for utveksling av informasjon og samarbeid mellom kommune, næringsliv og USN	

## Strategisk næringspolitisk plan for kommunane Nome og Midt-Telemark 2020-2032

	Mål	Strategier	Indikatorer
10	Næringsliv og kommunane i regionen skal vidareutviklast tråd med det grønne skiftet	10.1 Det skal i samarbeid satsast på berekraftig reiselivsutvikling, både for einskilde bedrifter og for regionen samla.	
		10.2 Kommunane og næringsliv samarbeider aktivt for å få til reduksjon av klimagassutslipp.	
		10.3 Kommunane skal i sine tiltak vektlegge framtidsretta energiløysingar og miljøvennleg materialbruk og skal støtte næringslivet i dette arbeidet.	
		10.4 Kommunane legg i sine planer til rette for transport- og parkeringsløysingar som styrker bruk av kollektiv, sykkel og gange.	
		10.5 Kommunane legg til rette og bistår næringslivet i arbeidet med å få til miljøriktig innkjøp og forbruk.	
11	Kommunane skal ha en kulturpolitikk som ivaretek og vidareutviklar regionen som attraktiv kulturregion.	11.1 Kommunane legg til rette for etablering av kulturarenaer og kulturaktiviteter som styrker verdiskapninga og talet på tilsette innanfor kulturfeltet.	
		11.2 Kommunane og lokale organisasjonar samarbeidar om å få på plass digitale informasjonstøøy som sikrar god formdling av lokale kultur- og fritidstilbod.	
12	USN og Campus Bø er ein styrka og sentral bidragsytar for forskning og næringsutvikling i regionen og landet.	12.1 Det etablerast forskning- og kunnskapspark knytt til Campus Bø	
		12.2 Næringsliv og USN samarbeider om å utvikle og kommersialisere produkt og tenester basera på lokale produkter og lokal kompetanse.	